

Opplysningar om søkjar

Søkjar

Namn på organisasjonen	Biblioteka i Norddalen
Leiar for institusjonen	Rita Mundal
Postadresse	Lom
Postnummer / Poststad	2686 <input type="text" value="Lom"/>
Tlf. til organisasjonen	61211630
Kontaktperson for prosjektet	Rita Mundal
Tlf. til kontaktperson	61211630
E-post til kontaktperson	biblioteket@lom.kommune.no
Nettstad	http://www.lom.kommune.no/index.gan?id=1220
Org. Nr	959377677

Opplysningar om prosjektet

Prosjekt

Søknaden gjeld	Partnerskap og samarbeid
<input checked="" type="checkbox"/>	samarbeid regionalt, over sektorgrenser eller forvaltningsnivå
<input checked="" type="checkbox"/>	samordning i biblioteknettverket
<input checked="" type="checkbox"/>	samarbeid med institusjonar utanfor abm-sektoren
Tittel på prosjektet	Ord om fjell – ei digital fjellvandring
Samandrag av prosjektet	
Målet med prosjektet er å vidareutvikle Nasjonalparkbiblioteket ved å samle og gjera tilgjengeleg dikt, songar og korte tekster om fjell i ei felles søkbar database som er lagt inn i kulturminneløypa og Nasjonalparkbibliotekets fellessøk. Vi ynskjer også at ein del av dikta og songane blir lagt ut som podcast filer slik at dei kan lyttast til.	

Prosjektomtale

Bakgrunn:

Frå plan til handling

Biblioteka i Norddalen:

Dovre folkebibliotek
Lesja bibliotek
Lom folkebibliotek
Sel bibliotek
Skjåk folkebibliotek
Vågå bibliotek

Vidareføring av Nasjonalparkbiblioteket

Prosjektideen er forankra i Regional bibliotekplan for Nord-Gudbrandsdalen 2008 – 2011. Politisk vedteken i alle kommunestyrene i Nord-Gudbrandsdalen.

- Region Nord-Gudbrandsdal har i sin konkurranseprofil lagt vekt på å utvikle tenester og tilbod knytt til nasjonalparkane.

Nasjonalparkbiblioteket har eigen søkjeinngang i "Bibliotekportalen Oppland".

Dei 6 kommunane har til saman 6 nasjonalparker og området vert også kalla Nasjonalparkriket. I 2009 vart tettstaden Fossbergom i Lom utnemnt til nasjonalparklandsby og alle kommunane har fått statusen nasjonalparkkommunar.

- Biblioteka ynskjer å vera ressursenter for kommunane og næringslivet på dette området og bidra til å profilere nasjonalparkane gjennom prosjektet "Nasjonalparkbibliotek i Nord-Gudbrandsdalen. Bibliotekene som ressursentra for skriftlig og digital informasjon om nasjonalparkene" (2006 - 2008) har biblioteka i regionen bygd opp fysiske samlingar av relevant litteratur (bøker og andre medium) og samla digitale ressursar i Bibliotekportalen Oppland med eigen inngang for søk i Nasjonalparkbiblioteket. Dette prosjektet vart støtta av Oppland fylkesbibliotek og Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen.

Biblioteksatsinga – politisk forankra:

-I "Regional bibliotekplan for Oppland 2008-2012" er å utvikle Nasjonalparkbiblioteket i alle seks kommunane eit av tiltaka.

Planen er vedteke i kommunestyre i alle 6 kommunar.

-I "Regionale gjennomføringsavtaler 2009" for Oppland fylkeskommune er biblioteka og nasjonalparksatsinga nemnt særskilt under punkt 3.3.2.7.

Prosjekt "Ord om fjell – ei digital fjellvandring"

Målsetting

- Biblioteka ynskjer å vidareføre satsinga på biblioteka som nasjonalparkbibliotek og som ressursenter for skriftleg og digital informasjon om nasjonalparkane gjennom prosjektet "Ord om fjell – ei digital fjellvandring" der vi vil samle inn og registrere dikt, songar, sitat og korte tekster om fjell

Gjennomføring:

Satsingsområde:

Samle og registrere dikt, songar, sitat og korte tekster om fjell:

- i ei eiga søkbar database under Bibliotekportalen Oppland
- lage ei "kulturminneløype" med dikt knytt opp mot geografiske stader i nasjonalparkriket
- ta del i vidareføring av Podcast prosjektet i Oppland, presentere dikt med lyd
- Vi ynskjer å katalogisere tekstene ved å leggje inn tittel, førstelinje, forfattar, kva samling diktet er henta frå og evt. stadnamn som emneord. Denne skal gjerast søkbar gjennom Nasjonalparkbiblioteket sitt fellessøk <http://sok.bibliotekportalenoppland.no/nasjonalparkbiblioteket/> eller få ein eigen søkeinnang knytt til dette.
- Vi startar innsamlingsarbeidet med å leite fram dikt skrive av lokale forfattarar og dikt frå nærområda (Nasjonalparkriket), men ser for oss å utvide databasen til å innehalde fjelldikt frå heile landet. Vi vil bruke diktbasen på Deichmanske i arbeidet med å finne fram til dikt og ser for oss ei liknande registrering av dikta, men ynskjer i tillegg å registrere stadnamn knytt til diktet og/eller til forfattaren. Vår database vil berre innehalde tekster om fjell.
- Vi ynskjer også gjennom prosjektet å gjera nokre av dikta og/eller songane tilgjengelege som podcast filer. Ein del av prosjektet går ut på å gjera avklaringar kring opphavsrett ved digitalisering av tekstene (podcasting). Vi ynskjer å bruke lokale utøvarar i opplesinga av tekstene (evt. song), der det er mogleg ynskjer vi at forfattaren sjølv les diktet. Vi ynskjer i denne samanhengen også å dra nytte av erfaringane som er gjort gjennom Bokpod-prosjektet som biblioteka i Gjøvik regionen har gjennomført. Oppland fylkesbibliotek skal vidareføre prosjektet ved hjelp av oss i regionane og vi ser at "Ord om fjell" kan vera ein del av vidareføring av dette prosjektet.
- Gjennom prosjektet vil personalet ved biblioteka få auka kjennskap til tekster om fjell, ikkje minst tekster med lokal forankring. Dette vil resultere i betre rettleiing av lånarar og det vil styrke vertsskapsrolla til biblioteka (sjå Tiltak 9.1 i "Regional bibliotekplan for Nord-Gudbrandsdalen".)
- Det vil vera behov for opplæring innan katalogisering av tekstene og delar av personalet vil få auka kompetanse innan registreringsarbeid. Kompetanseheving og kompetansedeling er eit av tiltaka i "Regional bibliotekplan for Nord-Gudbrandsdalen".

Biblioteka vil bruke felles profileringsmateriell og samarbeide om marknadsføring. Kommunane vil arbeide etter ein

geografisk/tematisk ansvarsfordeling.

Samarbeidspartnarar

- Oppland fylkesbibliotek som vil vera eit kompetansesenter for oss bl.a. i katalogiseringsarbeidet, med tilpassingar av fellessøket for databasa og i opplæringa innan Podcasting (her kan også biblioteka i Gjøvik-regionen vera aktuelle samarbeidspartar).
- Regionrådet
- Turistbedrifter
- Forfattarar
- Ulike aktørar som jobbar innanfor nasjonalparkriket

Marknadsføring

- Vi vil marknadsføre prosjektet overfor Regionrådet. Vi ynskjer at Regionrådet kan dra nytte av prosjektet i marknadsføring av Nasjonalparkriket og vera ein aktiv samarbeidspart med biblioteka i marknadsføringa av dette prosjektet.
- Vi vil også marknadsføre prosjektet overfor det lokale næringslivet som t.d. turistbedrifter. Vi har allereie gjennom prosjektet "Turistbiblioteket" (ei vidareutvikling av Nasjonalparkbiblioteket, støtta av Oppland fylkesbibliotek) oppretta kontakt med 3 overnattingsstader i alle kommunane der vi har plassert ut samlingar med litteratur om dei lokale nasjonalparkane og bygdene våre. Det vil vera naturleg å fortsetja samarbeidet med desse turistbedriftene og marknadsføre prosjektet "Ord om fjell" spesielt overfor desse, men også overfor andre turistbedrifter, kommunale servicetorg og turistinformasjonar.

Målgruppe

- Målgruppa for prosjektet er alle som er på utkikk etter dikt om fjellet, alle frå fjellturisten som vil starte turen med å få opplese eit fjelldikt til politikaren som skal bruke eit fjelldikt i tala si eller for bibliotekaren som får spørsmål om å finne eit fjelldikt til ein lånar.

Framdriftsplan

Framdriftsplan for heile prosjektperioden		
Startdato	01.03.2010	
Sluttdato	01.03.2011	
Aktivitetsplanar		
Tittel	Frå dato	Til dato
Ord om fjell – ei digital fjellvandring	01.03.2010	01.03.2011
Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan.		
- Mars 2010 - mai 2011: Innsamling av tekster, opplæring innan katalogisering, utvikling av mal for registreringa - Juni 2010 - Oktober 2010: Innsamling og registreringa av		

tekstene i databasa, avklaringar kring opphavsrett og opplæring innan podcasting - November 2010 - Januar 2011: Innsamling og registrering av av tekster, ta kontakt med forfattarar eller andre lokale utøvarar som kan lesa inn tekster og publisering av tekstene i podcastfiler kjem i gang - Februar 2011 - Mars 2011: Innsamling og registrering av tekster, publisering av podcastfiler, marknadsføring av prosjektet og nettstaden overfor dei aktuelle samarbeidspartane, oppsummering og evaluering

Samarbeidspartnarar

Har du ein samarbeidspartnar?	Ja
Samarbeidspartnar	
Namn	<u>Oppland fylkesbibliotek</u>
Formell avtale?	Ja
Postadresse	Postboks 187
Postnr / Poststad	2802 Gjøvik
Kontaktperson	Gunhild Aalstad
Tlf. til kontaktperson	61189616
E-post til kontaktperson	gunhild.aalstad@oppland.org
Rolle	Oppland fylkesbibliotek vil vera ein kompetanseressurs og ein samarbeidspartnar i gjennomføringa. Dei vil og støtte opp om prosjektet økonomisk
Rolle	<u>Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen:</u> Vi har etablert eit samarbeid med Regionrådet gjennom Nasjonalparkbibliotek-prosjektet. Vi håpar å fortsetja samarbeidet kring Nasjonalparkrike satsinga også gjennom Ord om fjell-prosjektet.

Prosjektbudsjett

Prosjekt

Eittårig eller fleirårig
prosjekt?

Eittårig

BUDSJETT FOR FØRSTE ÅR

Utgifter

Hva	Beskrivelse	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Lønn	kr 100 000,00
Varer/utstyr	Utstyr til podcasting	kr 50 000,00
Tjenester kjøpt av andre	Innlesing av tekster, opplæring	kr 30 000,00
Andre utgifter (spesifiser)	Utvikling av søkeportal, reisegodtgjersle	kr 50 000,00
Totale utgifter		kr 230 000,00

Inntekter

Beskrivelse	Tilskudd bekreftet?	Sum
<u>Søknadssum</u> <u>ABM-utvikling</u>		<u>kr 100 000,00</u>
Eigenfinansiering		Kr 70 000,00
Oppland fylkesbibliotek	Ja	Kr 60 000,00
Totale inntekter		kr 230 000,00

Vedlegg

- Bibliotekplan Nord-Gudbrandsdal.pdf
 - Sluttrapport red.doc
- Nord-Gudbrandsdal-gjennomf-avtale.pdf

Førre

Avbryt

Send inn

Lagre

Neste